

Kontrollutvalet i Forsand kommune

Møteinnkalling

Møtested:	Møterommet på kommunehuset
Dato:	27.08.2015
Tidspunkt:	Kl. 9.00
Møtenr:	4 / 2015

Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
19/15	Godkjenning av protokoll frå møte den 28. mai 2015
20/15	Orientering frå rådmannen om byggerekneskaper og bruk av personnummer
21/15	Revisor si uavhengighetserklæring 2015
22/15	Oppsummering av evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid
23/15	Rekneskapsoppfølging kontroll og tilsyn pr. 31.07.2015
24/15	Budsjett kontroll og tilsyn 2016 - kontrollutvalet sitt budsjettforslag
25/15	Statusoversikt pr. august 2015

Referatsaker/meldingar

Periode:		28.05.2015 - 27.08.2015
Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel
7/15	13/00327-16	Vedtak frå KST - Oppfølging av rapport: Kvalitet i pleie og omsorg

Vennlegast meld eventuelt forfall snarast på telefon 51 33 65 90 evt. 414 46 180 eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan kallast inn.

Evt. saker merket (*Unntatt offentleggjering i medhald av off. l.*) sendes bare til medlemmer/varamedlemmer.

Forsand, 20.08.2015

Inger Anita Merkesdal
Leiar av kontrollutvalet

Per Kåre Vatland
Sekretariatet

19/15 Godkjenning av protokoll frå møte den 28. mai 2015

Arkivsak-dok. 13/00014-21
Arkivkode. 033
Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	27.08.2015	19/15

Protokollen frå møtet den 28. mai 2015 vart lagd fram for kontrollutvalet til godkjenning, sjå vedlegg.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand godkjenner protokollen frå møte den 28. mai 2015.

SANDNES, 16.06.2015

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Protokoll Kontrollutvalet i Forsand 28.05.2015](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

20/15 Orientering frå rådmannen om byggerekneskaper og bruk av personnummer

Arkivsak-dok. 13/00237-18
 Arkivkode. 047
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	27.08.2015	20/15

Bakgrunn

Leiar av kontrollutvalet tok i førre møte opp to problemstillingar som kontrollutvalet ba rådmannen orientere om i dette møtet.

Utgreiing

Sekretariatet sendte fylgjande bestilling til rådmannen:

Som nemnt i førre møtet i kontrollutvalet, har utvalet to saker som dei ynskjer ei orientering om i komande møte som er 27. august kl. 09.00

Byggerekneskap

I kommunestyret er det fleire gonger etterlyst byggeregnskap for gang- og sykkelstien på strekningen frå Forsand kulturhus til vegen mot Grøndal. Etter økonomireglementet for Forsand kommune, 3.1.4., skal sluttrapport for prosjekt leverast seinast etter 6 månader. Prosjekt over 500 000 kr skal sendes revisjon – kontrollutval – kommunestyret.

I inneverande kommunestyreperiode ser dette ut for å mangle byggerekneskap for fleire byggeprosjekt. Kontrollutvalet ber rådmann gå gjennom nemnde forhold, og legge frem for kontrollutvalet ein oversikt over kva byggeregnskap som manglar samt dato for når desse vert klare til å leggest fram for kommunestyret.

Bruk av personnummer

Det verkar som om ein har ein ubevisst haldning til innkrevjing og bruk av personnummer, samt oppbevaringa av desse. Det verkar også som om en ikkje har tenkt gjennom kva opplysningar som er nødvendige og som kan brukast om att. Det verkar som om det i tillegg kan være behov for å avklare ansvarsforhold knytt til innkrevjing og oppbevaring av personopplysningar.

Kontrollutvalet ber rådmannen om å undersøke nemnde forhold og sjå etter om innkrevjing og oppbevaring av personopplysningar er i tråd med gjeldande regelverket, og at ansvaret for dette er plassert ved korrekt funksjon.

Rådmannen sitt svar til kontrollutvalet:

Rådmannen har svara i e-post til kontrollutvalet den 18.08.2015. Han skriv mellom anna:

Jeg er bortreist 27. august og har derfor ikke anledning til å møte.

I forhold til de to sakene:

Byggeregnskap

Byggeregnskap for gang- og sykkelsti er til godkjenning hos Rogaland Revisjon. Tilsvarende gjelder for presteboligen. Saksbehandler sender i tillegg snart byggeregnskap for flytningebolig og barnebolig til Rogaland Revisjon. Når byggeregnskapene har vært til godkjenning (attestasjon) hos Rogaland Revisjon vil de bli oversendt kommunestyret for endelig godkjenning.

Bruk av personnummer

Viser til vedlagte svar.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek rådmannen si skriftelge utgreiing til orientering.

SANDNES, 31.07.2015

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[SV Invitasjon til kontrollutvalet sitt møte 27..08.2015 - Saker kontrollutvalet ynskjer å bli orientert om](#)

[Svar til kontrollutvalet 270815](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

21/15 Revisor si uavhengighetserklæring 2015

Arkivsak-dok. 13/00179-16
 Arkivkode. 026
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	27.08.2015	21/15

Bakgrunn

Etter føreskrifta om revisjon i kommunar og fylkeskommunar § 15, skal oppdragsansvarleg revisor årleg og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering om sin uavhengigheit, til kontrollutvalet.

Saksutgreiing

Erklæring frå revisor er ei eigenerklæring for oppdragsansvarlege revisor sin uavhengigheit i forhold til Forsand kommune.

Ifølge Kommuneloven § 79 skal den som føretar revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ei slik tilknytning til kommunen at den kan svekka revisor sin uavhengigheit og objektivitet. I tillegg seier forskrifta §§ 13 og 14 noko om kva krav som vert stilt til at revisor skal vera uavhengig, og kva avgrensingar som finst for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

Som det går fram av kommentarane til § 15, stilles det same krav om uavhengigheit og objektivitet både til oppdragsansvarleg revisor og til denne sine medarbeidarar. Men kravet om dokumentasjon i forhold til kontrollutvalet (eigenerklæring), gjelder berre oppdragsansvarleg revisor. Erklæringa skal som nemnt gjevast årleg, dersom det ikkje ligg føre tilhøve som gjer at erklæringa må gjevast hyppigare.

Erklæringa vert gitt på revisors eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men tas til orientering.

FORSLAG TIL VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Forsand tek revisor si uavhengighetserklæring 2014 til orientering.](#)

SANDNES, 26.05.2015

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Uavhengighetserklæring Forsand kommune](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

22/15 Oppsummering av evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid

Arkivsak-dok. 14/00006-13
 Arkivkode. 033
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	27.08.2015	22/15

Bakgrunn

Kontrollutvalet starta i førre møte med ei evaluering av arbeidet i perioden. Sekretariatet har laga eit referat frå samtalen i førre møte, som ligger ved denne saka.

Saksutgreiing

Områder/sider ved arbeidet som det er naturleg å ta med i evalueringa:

- Samarbeidet med kommunen (*kommunestyret, administrasjon, det politiske miljø*)
- Samarbeidet med revisor og tilsyn med revisor
- Samarbeidet med sekretariatet
- Opplæring frå sekretariatet og revisor i møta (*generell opplæring, tematisk opplæring*)
- Kurs og konferansar (*tilstrekkelege midlar, kursa sin relevans, jobbsituasjon, kvalitet, anna*)
- Budsjett- og budsjettoppfølging (*utarbeiding, tilstrekkelege midlar, oppfølging av budsjettet*)
- Rapportering til kommunestyret (*årsplan og årsmelding, rappotar, oppfølging av saker*)
- Forvaltningsrevisjon og selskapskontroller (*planarbeid, overordna analyse, dialog med politkarane/administrasjon, bestilling, behandling og oppfølging av rapportar*)
- Regnskap og internkontroll (*Behandling av kommunens årsrekneskap og skatterekneskap, oppfølging av internkontroll, oppfølging av revisjonens merknader.*)
- Anna som kontrollutvalet ynskjer å ta med

For kvart av disse områda kan det være naturleg å stille fylgjande spørsmål:

- *Kva er gjort i perioden?*
- *Kva erfaringar har kontrollutvalet?*
- *Kva kan forbetrast?*
- *Er det forhold som nytt kontrollutval bør gripe fatt i eller følgje opp?*

Sekretariatet har lagt ved oppdatert referat frå sist møte. Kontrollutvalet må vurdere om dei har fått med alt, eller om dei har meir å tilføye.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Sekretariatet vil bringe kontrollutvalet sine synspunkt vidare til det nye kontrollutvalet som vert vald hausten 2015.

SANDNES, 16.06.2015

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid - oppsummering](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

23/15 Rekneskapsoppfølging kontroll og tilsyn pr. 31.07.2015

Arkivsak-dok. 13/00144-31
 Arkivkode. 212
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	27.08.2015	23/15

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal etter føreskrift om kontrollutval § 18 lage fremme forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Dette fører til at kontrollutvalet òg har ansvar for å fylgje opp rekneskapen på området.

Kontrollutvalet får rapport om rekneskapen normalt kvart tertial, men denne gongen pr 31.07.2015.

Saksutgreiing

Rekneskapsoversikten pr. 31.07.2015 visar et samla forbruk på kr 332.3444,- som utgjer 47,5 % av budsjettet.

Når det gjeld utgifter til kontrollutvalet er det hittil i år brukt 20,5 % av vedteke budsjett. Mindreforbruket skuldast at det er brukt lite til opplæring og reiseutgifter. I tillegg har kontrollutvalet ikkje brukt noko av reservepotten.

Kjøp av tenester frå sekretariatet visar eit forbruk på 53,7 %. Kommunen har fått rekning på tertial, men har samstundes fått tilbakebetalt sin del av tidlegare års overskot. På årsbasis vert det eit mindreforbruk på denne posten.

Når det gjeld kjøp av revisjonstenester er det brukt i fylgje kommunerekneskapen brukt 52 % av budsjettet. Revisor opererer med eit høgare tal i sin oversikt, som skuldast at undersøking som rådmannen har bestilt er ført saman med kontrollutvalet sine timar i revisjonen si oversikt. Tek ein omsyn til dette vert forbruket vesentleg lågare. Revisjonen sine utgifter er til og med 30.06.2015.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tar rekneskapsoppfølging kontroll og tilsyn pr. 31.07.2015 til orientering.

SANDNES, 31.07.2015

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn pr. 31.07.2015](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

24/15 Budsjett kontroll og tilsyn 2016 - kontrollutvalet sitt budsjettforslag

Arkivsak-dok. 13/00162-15
 Arkivkode. 151
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	27.08.2015	24/15

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har eit lovpålagd ansvar for å utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Sidan kontrollutvalet er direkte underlagd kommunestyret, skal kontrollutvalet sitt budsjettvedtak i tråd med føreskrifta leggjast fram for kommunestyret i samband med behandling av kommunens samla budsjett for 2016.

Budsjettet skal omfatta alle utgifter forbundne med kontrollutvalet sitt arbeid. Kontrollutvalet blir derfor å sjå på som ei avdeling i kommunen med budsjettansvar for eige budsjett. Dette inneber også eit ansvar for rekneskap og rekneskapsoppfølging.

Saksutgreiing:

Føreskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar pålegg kommunen å ha ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettforslaget omfattar derfor lovpålagde oppgåver.

Budsjettforslaget er delt inn i 3 hovudpunkt; utgifter til utvalsarbeidet, kjøp av revisjons-tenester og sekretariat.

Kontrollutvalets utgifter

Kontrollutvalet sine utgifter består av møtegodtgjersle til kontrollutvalets medlemmer, utgifter til kjøring/ transport, kurs m.m. Utvalets medlemskap i FKT høyrer også med her, dette er ei utgift som kjem så lenge kommunen er medlem. Det er gjort nokon endringar i budsjettet i høve til i fjor, og netto utgifter til kontrollutvalet er kr 92.000,- som i 2015. Denne delen av budsjettet er den einaste kommunestyret har høve til å endra på ved fastsetjing av endelig budsjett, jfr. kommentarar nedafor.

Revisors budsjettforslag:

Forsand kommune er medeigar i det interkommunale selskapet Rogaland Revisjon IKS, og kjøper derfor sine revisjonstenester frå dette selskapet. Sekretariatet har mottatt forslag til budsjett frå revisor. Revisor tek atterhald om at budsjettet ver godkjent i selskapets styre og representantskap. Når budsjettet er vedtatt i representantskapet, er det bindande for kommunen.

Revisors budsjett omfattar i grove trekk utgifter til vanlig rekneskapsrevisjon, attestasjonar, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i tråd med planar vedtatt av kommunestyret, samt oppmøte i kontrollutvalet. Revisor har i sitt budsjettforslag lagt til grunn same timetal som i 2015, men auka timeprisen noko. Revisor sitt budsjett aukar totalt med 2,6 % til kr 380.000,-.

Sekretariatets budsjettforslag:

Forsand kommune er medlem i det interkommunale § 27-samarbeidet Rogaland Kontrollutvalgssekretariat, og kjøper kontrollutvalet sine administrasjonstenester her. Sekretariatet sitt budsjett med fordeling av grunnbeløp til kommunane vart godkjent av styret den 5. juni 2015. Budsjettet i eit § 27-samarbeid som er eige rettssubjekt vert fastsett av styret i samarbeidet og følger elles dei same reglane som for interkommunale selskap, sjå ovanfor.

Grunnbeløpet for sekretariatstenetane er auka med 1,9% for 2015 til kr 110.000,-. Budsjettet er auke forventa lønns- og prisauke. Samarbeidet skal drivast etter sjølvkostprinsippet, og endelig betaling til kommunane vert i tråd med vedtektene gjort ved rekneskapsavslutning. Fram til nå har det enten ført til tilbakebetaling av overskot eller at budsjettet har vore tilstrekkelig.

Samla sett vert det føreslått eit budsjett på kr. 715.000 inkl. meirverdiavgift.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand foreslår eit samla budsjett til kontroll og tilsyn for 2016 på kr. 715.000,- inkl. mva.

SANDNES, 31.07.2015

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Budsjettforslag 2016 kontroll og tilsyn](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

25/15 Statusoversikt pr. august 2015

Arkivsak-dok. 13/00087-31
 Arkivkode. 217
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	27.08.2015	25/15

Bakgrunn

Statusoversikten er kontrollutvalet sitt verktøy til å fylgje saker som går fleire møter. Dette gjelder forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar som fylgjast frå de vert bestilt og til dei er endeleg følgde opp. Men òg andre type saker som krev oppfølging kan verte tekne med i oversikta. Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

Saksutgreiing

Saka skal for det første gje kontrollutvalet oppdatert oversikt over status på dei enkelte sakene. Når saken er ferdigbehandla, vert de ståande slik at utvalet har oversikt over kva som er gjort i perioden.

Under denne saka kan kontrollutvalet òg ta opp spørsmål i tilknytning til sakene. Det vert òg lagt opp til at revisor under denne saken kan gje utvalet orientering om status på prosjekter dei arbeider med, og avklare endringar om dette er nødvendig.

Til dette møte er ingen endringar.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tar statusoversikt pr. august 2015 til orientering.

SANDNES, 16.06.2015

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Statusoversikt kontrollutvalet sine saker pr. august 2015](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

Referatsaker/meldingar

[7/15 Vedtak fra KST - Oppfølging av rapport: Kvalitet i pleie og omsorg](#)

Arkivsak-dok. 13/00327-16
Arkivkode. 217

[Saksliste](#)